



Leif Inge Heimvik les juleevangeliet og syng En stjerner skinner i natt.

**Alt er klart for ny julekonsert i kyrkja søndag 16. desember kl. 19. Målet med konserten er å skapa refleksjon og julestemning gjennom ord og tonar. Leif Inge Heimvik frå Utåker les juleevangeliet som ein monolog der han formidlar julebodskapen på ein trygg og god måte utan manus. Tre korps, trekkspelklubb og eit kyrkjeor er med på konserten. Det same er gjester og ikkje minst kantoren Eva Megyesi.**

Uskedal skulemusikk saman med Rosendal skulekorps opnar konserten med tonar vi knyter til jula. Gabriels obo med solisten Nils Rainer Vågen vil vera eit av høgdepunkta denne kvelden. Vi gler oss også til å få høyra musikk frå Prøysens jul i eit arrangement av Haakon Esplo.



Nils Rainer Vågen er solist i framføringa av Gabriels Obo i arrangement av Eirik Gjerdevik.

Kvinnherad Trekkspelklubb sviktar ikkje julekonserten i Uskedalen. I år vil dei framføra to stykke av J.S. Bach. Kyrkkjoret Nordsaang med sin musikalske leiar Eva Megyesi syng mellom anna *Adeste Fideles* ( Å, kom nå med lovsang ) og Engelen Gabriels bodskap med norsk tekst av Svein Rimestad.

Gjester på konserten er to elevar frå Kvinnherad kulturskule, syskena Lisa og Paul Emmerhoff Ulrick frå Halsnøy. Ein annan gjest, Olena Pasichnyk på fiolin, vil saman med Eva Megyesi på klaver spela tradisjonell julemusikk.

Kantoren vil på orgel framføra to stykke av den norske komponisten Mons Leidvin Takle: *Kven kan seia ut den gleda og Guds sønn har gjort meg fri*.

Uskedal musikklag avsluttar kvelden med fire stykke, mellom anna Sonjas sang frå *Reisen til julestjernen*. Musikklaget vil stå for tonefylgje til sluttsalmen *Deilig er jorden*. Mellom hovudinnslaga vert det salmesong med tekstar som høyrer advent og jula til.

Soknerådet ynskjer alle velkomne til årets julekonsert. Det er som vanleg gratis inngang, men det er høve til å gje ei gåve ved utgangen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Hans Ordin Østebø/ Plakat laga av Jan Ove Fagerheim

Sundag  
16. desember 2018  
kl. 19.00

# Jule- Konserter

\* Kvinnherad Trekkspelklubb

\* Uskedal skulemusikk/Rosendal skulekorps

\* Uskedal musikklag \* Kyrkjekoret Nordsaang

\* Kantor Eva Megyesi \* Leif Inge Heimvik

Gjester: Lisa og Paul Emmerhoff Ulick,

Olena Pasichnyk

*Fri gåve ved utgangen*



**Arr: Uskedal sokneråd**

[Plakaten med alle artistane lista opp.](#)